

Det lysner i skogen på Stemneplassen.

03.03.2016



Eit av tiltaka i arbeidsplanen for Uskedal Friluftslag er å rydda og hogga skog på Stemneplassen. Noko vart gjort i 2015. No held arbeidet fram og det er alt synleg at det lysner i skogen. Johannes Kaldestad frå styret er ansvarleg for ryddinga. Tynning i vegetasjonen fører til at sola kjem til som igjen hjelper til med ein turrare plass.



Eit opnare landskap gjev meir utsikt, også for dei som bur i område.
Stien opp til gapahuken på Skårhaug skal ryddast. Stadnamntavla på toppen må snart fornyast. Regn og fukt forringar informasjonsplata.
Dersom nokon ynskjer å ta del i arbeidet, ta kontakt med Johannes Kaldestad.

Tekst/foto: Kristian Bringedal
Nett: Thor Inge Døssland